



Einar Mjølåsnes, Elin Grytting og Sigbjørn Apeland held konsert ombord i Mathilde. (Foto: Kvinnheringen)

Torsdag kjem harangerjakta Mathilde til Uskedalen under si kulturferd gjennom Kvinnherad. Etter konserten på Valekaien tysdag kveld skreiv Kvinnheringen at den var eit steg tilbake i tid. Skuta er då også frå 1884.

Konsertane i den gamle skuta er ein del av eit fylkesmusikalsk samarbeid mellom Hordaland og Sogn og Fjordane. Programmet 'Med havdur i øyre' er musikk og songar som er brukt av folk langs kysten til alle tider.

Musikarane presenterar ei skjønnsam blanding av slåttar, viser og salmar. Alt blir presentert så uhøgtideleg, rotekte og velsigna fritt for teknologiske krumspring som det høver seg ei gammal skute, skriv anmeldar Asmund Taarn Sande. Han slår fast at det var ein storarta kveld, men diverre på vonde stolar.